



Bergan Bygg As  
Solbjørgsdalen 84  
5282 LONEVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/2640 - 23/20815

Saksbehandlar:  
Marit Nedreli  
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:  
19.09.2023

## 4/89 Haugo - Gjeld søknad om fasadeendring

Tiltak: Fasadeendring  
Eigedom: Gbnr: 4/89  
Tiltakshavar: Opro As  
Ansvarleg søkjar: Bergan Bygg As

Kommunen syner til søknad motteke 05.09.2023.

I søknaden er det mellom anna opplyst at tiltaket gjeld endring av bygg – utvendig – fasade og at føremålet er "bolig":

Sidan det ikkje låg ved planteikningar av bygningen, har kommunen undersøkt i arkivet og funne teikningar frå 1987.

Kommunen kan ikkje sjå at det er søkt om oppføring av tilbygg i nordvest og takoverbygg i søraust.

Vidare syner den mottekne situasjonsplanen at dørøpning mot sørvest skal fjernast, medan fasadeteikninga framleis har dør mot sørvest.

Kommunen ber difor om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon og informasjon:

1. Presisering av føremål med tiltaket.
2. Oppdaterte teikningar, der det er samsvar mellom situasjonsplan og fasadeteikningar.
3. Planteikning, som syner romfunksjonar, areal og faste installasjonar.
4. Informasjon om når søknaden vart send til Arbeidstilsynet eller kopi av tilbakemelding frå Arbeidstilsynet, jf. plan- og bygningslova § 21-5, jf. forskrift om byggesak § 6-2.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 17.10.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka vurdert avvist.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei tilhøva som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Kommunen oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått. For meir informasjon om gebyr sjå kommunen sine nettsider <http://www.osteroy.kommune.no>

Med helsing

Tore Johan Erstad  
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Marit Nedreli  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

4-89 teikningar 1987

### **Mottakarar:**

Bergan Bygg As  
Opro As

Solbjørgsdalen 84  
Hodlebrautsvegen 1

5282  
5281

LONEVÅG  
VALESTRANDSFOSSEN